

Samandrag *Prøyskviða / Trymskviða / Trymskvadet*

- 1-5. Tor oppdagar at **hammaren** hans [Mjølnir] er **stolen**. Han bed Loke om hjelp og dei går til Frøya og får låne fjørhamen hennar. Med den flyg Loke til Jotunheimane [for å finne ut kva som har skjedd].
- 6-8. Loke møter **jotunen Trym** og får veta at Trym har gøymt hammaren djupt nede i jorda og **krev Frøya i byte** for han.
- 9-13. Loke flyg heim, fortel Tor om kravet, dei går til Frøya og bed henne gje seg som brur til Trym. Frøya nektar, seier ho måtte vore fullstendig mannfolkgalen for å gå med på det.
- 14-20. Æsene held ting og avgjer at Tor skal kle seg som kvinne, reise til Trym og gje seg ut for å vera Frøya som brur. At dette vil vera den største skam som tenkjast kan for machoguden, får ikkje hjelpe, for har ikkje gudane hammaren, tek jotnane over Åsgard.
- 21-29. **Tor og Loke fer i bryllaup til Trym, utkledd som brur og tenestejente**. Brura et ein okse og åtte laksar og drikk tre tunner mjød. Når Trym vil kysse «henne», skvett han av det kvasse blikket «hennar».
- 30-32. Trym får henta fram hammaren, som skal brukast i viinga av paret. **Hammaren blir lagd i fanget på brura/Tor** [der manndomen hans jo høyrer heime], og **då blir Tor seg sjølv**, grip hammaren og **slår i hel Trym og dei andre jotnane**.

Eldar Heide 09.9.2011 / 12.1.2017